



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 8.000. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimelessig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

Pedagog kultursirkel - 11,55% vikariat

Stillingsinformasjon

Meland kulturskule har ledig vikariat som lærar for Kultursirkel, 11,55% stilling 16.10.2017 - 02.02.2018

"Kultursirkel" er eit svært populært fag i Meland kulturskule!

Kultursirkel er eit fagleg breitt tilbod til 1. og 2. klassingar, som gjev elevane opplæring innan alle kulturskuledisiplinane. Faget gjev store høve for lærar til å farge undervisningsopplegget med eigen fagkompetanse.

I Kultursirkel driv vi med song, spel, rytme og melodi. Vi vert óg kjend med ulike instrument og kulturskuledisiplinar som dans, teater og visuell kunst.

Undervisinga er i grupper på inntil ni elevar.

Vi er på utkikk etter ein lærar med brei musikkpedagogisk eller annan kunstpedagogisk kompetanse.

Undervising på ettermiddagstid i Meland Aktiv på Fossemyra på Frekhaug, evt. ein grunnskule i kommunen.

Arbeidsplass

Meland kulturskule er ein arbeidsplass med eit kollegium med høg kompetanse og eit svært godt arbeidsmiljø.

Arbeidsoppgåver

Undervisning og framsyningar, oppfølging av elevar og kommunikasjon med heimane. Samarbeid med kollegaar og andre samarbeidspartar.

Kvalifikasjonskrav

Musikkpedagogisk eller annan kunstpedagogisk utdanning.

Me har norsk som undervisningsspråk og er ein nynorskkommune.

Personleg eignetheit for stillinga vil verte vurdert

Vi tilbyr

Søknad skal sendast

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetting og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

Søknadsfrist 14.09.2017

Utlyst dato 29.08.2017

Vårref

706/17

Kontaktperson

Kamilla Strømsbo Dale, Rektor Meland kulturskule, tlf: 56171064, kamilla.stromsbo.dale@meland.kommune.no